

TAXI/BUS ODDA AS
Urdavegen 1
5750 ODDA

Dato: 19.04.2018
Vår ref.: 2018/10009-5
Saksbehandlar: torrods
Dykkar ref.:

Søknad om unntak frå kravet om ruteløyve – melding om vedtak

Vi viser til dykkar brev av 18.04.17 med søknad om dispensasjon frå kravet om ruteløyve (løyvefritak).

Fylkesdirektør samferdsel har i dag gjort følgjande **vedtak**:

Med heimel i yrkestransportforskrifta § 36 avslår fylkesdirektøren søknad av 18.03.18 frå Taxi/Bus Odda AS om dispensasjon frå kravet om ruteløyvet for bussrute på strekninga Odda – Skjeggedal.

Grunngjeving:

I følgje yrkestransportforskrifta § 36 a) kan løyvestyresmakta unnta persontransport i rute frå kravet om ruteløyve når den gjeld mindre enn 50 turar i året, vert driven i 3 månader i året, er av mindre betydning, og ikkje skadar annan rutetransport.

Odda Taxilag AS har i dag ruteløyve for den aktuelle rutestrekninga, og nyttar dette ruteløyvet. Ruteløyve gjev ikkje einerett for å drive rutetransport, og fylkesutvalet kan difor, etter søknad, tildele parallelt ruteløyve til Taxi/Bus Odda AS.

Dispensasjon frå kravet om ruteløyve føreset mellom anna at rutetransporten som vert driven ikkje skadar annan rutetransport. Odda Taxilag AS har gjort gjeldande at den omsøkte rutetransporten vil skade deira rutetransport.

Fylkesrådmannen er positiv til konkurranse mellom tilbydarar av kommersiell rutetransport. Slik konkurranse kan finne stad dersom fleire selskap vert tildelt parallelle ruteløyve. Fylkesrådmannen legg samstundes til grunn at dispensasjon frå kravet om ruteløyve for parallell rutetransport på strekninga som Odda Taxilag AS har ruteløyve for, vil skade det økonomiske grunnlaget for Odda Taxilag AS sin rutetransport. Fylkesrådmannen finn difor at korkje § 36 a) i yrkestransportforskrifta eller annan føresegn gjev heimel for å gje dispensasjon frå kravet om løyveplikt for den omsøkte rutetransporten.

Fylkesrådmannen sitt vedtak er ikkje til hinder for tildeling av ruteløyve til Taxi/Bus Odda AS for den aktuelle strekninga. Slik tildeling vert eventuelt gjort av fylkesutvalet. Taxi/Bus Odda AS må dersom dei ønskjer ruteløyve sende søknad om ruteløyve til samferdselsavdelinga som vil førebu sak om dette for fylkesutvalet. Fylkesrådmannen sitt vedtak er heller ikkje til hinder for søknad om dispensasjon frå kravet om ruteløyve for andre rutestrekningar.

Klagerett:

Vedtaket kan påklagast av part eller annan med rettsleg klageinteresse til den fylkeskommunale klagenemnda. Fristen for å klage er 3 veker frå det tidspunkt underretning om vedtaket kom fram til

vedkomande part. Ei eventuell erklæring om klage skal setjast fram for Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Erklæring om klage skal vere autentisert og nemne den endring som vert ønskt i det vedtak det klagast over. Erklæring om klage bør også nemne dei grunner klaga står seg til.

Part eller annan med rettsleg klageinteresse har, med visse unntak, rett til innsyn i dokumenta i saka. Nærmare opplysningar om klageretten og retten til innsyn i dokument går fram av forvaltningslova, som er kunngjort på www.lovdatab.no. Samferdselsavdelinga kan også gje nærmare opplysningar om klageretten.

Rolf Rosenlund
Seksjonsleiar
e. f.

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til: Odda Taxilag AS